

Invitasjon til Fylkesmesse for ungdoms- og studentbedrifter 2014

Fosshaugane Campus, Sogndal torsdag 6. mars 2014

Torsdag 6. mars 2014 vert entreprenørskapsungdom frå heile Sogn og Fjordane invitert til Fosshaugane Campus i Sogndal og Fylkesmessa 2014 for ungdoms- og studentbedrifter

Her får de muligheiten til å treffe andre som driv bedrift, bygge nettverk, møte lokalt næringsliv og delta i konkurransar arrangert av Ungt Entreprenørskap.



Velkommen til ein spennande dag i Sogndal
Torsdag 6. mars 2014

Ved årets fylkesmesse vert desse klassane aktuelle:

UNGDOMSBEDRIFTER

1. Beste marknadsføringstiltak
2. Beste utstilling
3. Beste produkt (med verdiskapingspotensiale)
4. Beste teneste
5. Beste innovative produkt/idé
6. Beste ungdomsbedrift
7. Beste klima / miljøtiltak
8. Beste sosiale entreprenørskapsprosjekt
9. Beste internasjonale prosjekt
10. Beste rekneskap
11. Produktdesignprisen
12. Beste HR bedrift

STUDENTBEDRIFTER

1. Beste studentbedrift

ALLE UNGDOMSBEDRIFTER SKAL MELDE SEG PÅ VIA DETTE SKJEMAET :

http://uesf.no/index.php?option=com_bfsurvey_pro&view=onepage&catid=17&Itemid=32

Konkurransereglar og kriterium kan lastast ned her :

<http://www.ue.no/Sogn-og-Fjordane/Kalender/Fylkesmesse-for-ungdoms-og-studentbedrifter-2014>

Alt materiell må vere oss i hende innan fredag **14.februar 2014** Med materiell meiner vi delårsrapport, presentasjonar, marknadsføringsmateriell og liknande. Påmelding til konkurransane vert registrert i påmeldingsskjemaet. Sjå konkurransereglar for meir informasjon.

Siste frist for påmelding er 07.02.2014 Vi oppmodar alle bedrifter/grupper til å melde seg på så **raskt som mogleg** slik at vi kan sikre alle ein god stand til messa. Påmeldingsskjema og materiell som ikkje er motteke innan tidsfristar vert **ikkje garantert** plass eller deltaking i påmeldt klasse.

MANGLANDE DOKUMENTASJON / KONKURRANSEMATERIELL VIL FØRE TIL DISKVALIFISERING I DEN AKTUELLE KLASSEN.

Spørsmål angående Fylkesmessa 2014 kan rettast til :

Eivind Husabø – vgs ansvarleg – UE Sogn og Fjordane

Tlf. 415 30 660

E-post : eivind.husabo@ue.no

PROGRAM FOR DAGEN

- 09.00 – 11.30** Registrering og klargjøring av stand på messeområdet.
* Stand vil bli tildelt ved frammøte i info desk på sjølve messa.
- 11.30 - 12.30** Opning av Fylkesmessa 2014
Premieutdeling :
«Beste marknadsføringstiltak»
«Beste HR bedrift»
- 12.30** Lunch
- 12.30 – 16.00** Ungdomsbedrifter i klassen «Beste ungdomsbedrift» presenterer seg frå scene i Trollsalen
- 12.30 – 16.30** Vurdering av bedriftene/prosjekta frå dommarar. Andre besøkande får også moglegheit til å besøke utstillinga til bedriftene.
- 16.30 – 17.00** Rydding av stand - messeområde
- 17.00 – 17.30** Premieutdeling
«Beste produkt»
«Beste teneste»
«Beste rekneskap»
«Beste utstilling»
«Beste klima / miljøtiltak»
«Beste internasjonale prosjekt»
«Beste produktdesign»
«Beste innovative produkt»
«Beste sosiale entreprenørskapsprosjekt»
«Beste studentbedrift»
«Beste ungdomsbedrift»
- 17.30:** Avreise

* Vi tek atterhald om evt. endringar i programmet.

Stand – Utstilling av bedriftene

Kvar bedrift som deltek på messa vil bli tildelt ein stand på omlag 2 kvadratmeter. For å markere standen til kvar bedrift vert det sett opp messeveggar for å skilje utstillingane. Målet på standen 2 x 1 m . Høgda er 2.4m.

Dersom ein ynskjer å henge opp skilt, plakatar, bilete eller liknande på messeveggane skal det gjerast med tape eller på ein måte som ikkje skadar messeveggane.



Det vert tilgang til trådløst internett i messeområdet.

Dersom ein treng straumtilkopling **må ein gje beskjed om dette ved påmelding til messa.** Det er viktig at de planlegg standen nøye i forkant.

~*~

Dersom det er informasjon som er uklår eller de har spørsmål er det berre å ta kontakt. I tida fram mot messedatoen arbeidar vi med å kvalitetssikre fylkesmessa for å gjere dette til ei positiv oppleving for dykk som arbeidar med ungdoms- og studentbedrifter.

Meir informasjon vert sendt ut etter at påmeldingsfristen har gått ut. Difor er det viktig at de følgjer nøye med på både e-post og våre nettsider. I tillegg til informasjon vil det også ligge ulike tips på heimesida vår, som kan vere nyttig å lese med tanke på utstilling, stand og presentasjonar under messa.

Vi ber dei som skal delta i konkurransane om å **lese konkurransekriteria nøye.** Dette må gjerast for at ein skal få med alt materiell / beskrivingar som er viktige å få sendt inn i samband med konkurransane.

Spørsmål om stand rettast til :

Eivind Husabø på e-post: eivind.husabo@ue.no eller på 415 30 660.

~*~

Helsing Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

PRAKTISK INFORMASJON – PARKERING – MESSEOMRÅDE

Sjølve messeområdet vil vere i den gamle idrettshallen vis a vis Sogndal vidaregåande skule (punkt 1 på kartet)

Juryrommet er på personalrommet til Sogndal vidaregåande skule (punkt 2 på kartet)

De kan finne parkering på ulike stader rundt Fosshaugane Campus. Dersom de ikkje finn ledig plass, anbefalar vi parkeringshuset ved Sognahallen (innkøyring v/ punkt 3 på kartet)

Presentasjonar i klassen «Beste ungdomsbedrift» vil føregå i Trollsalen like ved kantina på Sogndal vidaregåande skule (punkt 4 på kartet)

